

Vedtak i kommunestyret i Fjell kommune - 28.05.2015:

Kommunestyret vedtek følgjande høyringsuttale til forslag om søndagsopne butikkar:

Det vert vist til Kulturdepartementet sitt forslag til endring av Lov om helligdagar og helligdagsfred, §5 om sal frå faste utsalsstader. Dette er synspunkt på både departementet sitt primærforslag og det sekundære forslaget om at beslutningsmynde vert lagt til den enkelte kommune.

Fjell kommune støtter ikkje dei føreslåtte endringar i loven, verken primærforslaget eller sekundærforslaget. Fjell kommune meiner det ikkje er behov for eller hensiktsmessig med liberaliseringar som legg til rette for meir søndagsopne butikkar utover det som det er adgang til i dag. Vi meiner tvert imot at det er viktig å oppretthalde grenser for kommersiell aktivitet på søndagar. Desse grensene for kommersiell aktivitet på søn- og helligdagar bidreg til å bevare desse dagane som annleis dagar, til forskjell frå vanlige kvardagar. Søndag er ein viktig felles fridag og kviledag. Det er ein viktig samfunnsverdi å vidareføre søndagen som ein annleisdag for befolkninga.

Fjell kommune meiner at det er sannsynlig at regjeringa sitt forslag til liberalisering vil ha store konsekvensar for familieliv, arbeidsliv og ikkje minst kulturliv og frivillig sektor. Regulering av opningstidene bør ikkje avgjør av tilbud og etterspørsel. Omsynet til søndagen som ein annleis dag, befolkninga sitt behov for ein felles fri- og kviledag, helligdagsfreden, arbeidstakaranes sitt behov for ein fridag saman med familie og venner bør sikrast ved ein vidareføring av dagens lov. Regjeringa sitt forslag om liberalisering av helligdagsloven legg til rette for ein samfunnsendring som ikkje er ønskelig. Formålet med helligdagsfreden er blant anna å bidra til at flest mulig gis anledning til å ha helgefri og sørgje for at ein dag i uka er annleis enn vanlige kvardagar.

Fjell kommune viser også til dei sterke motførestillingar som pregar den offentlige debatt rundt regjeringa sitt forslag. Vi meiner at arbeidstakarane, næringa, miljøorganisasjonane, dei frivillige, kyrkja og andre sine motførestillingar bør veie tungt i vurderingane. I følgje høyringsnotatets punkt 9.5.2., kan regjeringa sitt forslag føre til «større og færre vareutsal og at meir handel flytter inn i kjøpesentre». Det kan føre til ein «omstrukturering i bransjen og avskalling av dei minst lønsamme bedriftene». Konsekvensen av dette er at mange nærbutikkar i distrikta kan bli lagt ned.

Når det gjelder departementet sitt sekundærforslag om at avgjersla om fleire søndagsopne butikkar skal avgjerast av den enkelte kommune vil vi åtvare mot ei slik løysing. Spørsmålet om søndagshandel er eit nasjonalt spørsmål som angår heile nasjonen si befolkning. Lokal avgjerslemynde vil kunne føre til forskjellar mellom kommunane, som igjen kan føre til handelslekkasje med uheldig konkurransevriding.